

REFERAT

MØTE: ORGANISASJONSUTVALET

Møteleiar: Jørgen Amdam	Referent: Joakim Rødven
-------------------------	-------------------------

Dato 08.06.17	Møtetid frå – til 1400-1600	Stad: Kommunestyresalen - Smia, Hornindal kommune
---------------	--------------------------------	---

Tilstades: <u>Medlemmar Hornindal:</u> Per Maurset, Eldar Englund, Stig Olav Lødemel <u>Medlemmar Volda:</u> Arild Iversen, Dan Helge Bjørneset, Jørgen Amdam (leiar)	Forfall: Rebecca Riise Bjerknes <u>Varamedlemmer Volda:</u> Dan Helge Bjørneset, Hild Våge <u>Varamedlemmer Hornindal:</u> Brynhild Lund Notøy, Bente Tryggestad
Også til stade: Joakim Rødven, kommunikasjonsrådgjevar	

Sak	
1	Vidare drøfting av prosessnotat <i>Jørgen Amdam innleia møtet ved å ta utgangspunkt i notatet som utvalet jobba med sist møte. Ønsket var å få innspel til eit ferdigstilt notat som forhåpentlegvis er ferdig til neste møte. Dette notatet skal så leggjast fram i ein høyringsprosess til hausten.</i> <i>Politisk organisering som vart drøfta var:</i> a) Nivå 1: kommunestyre, formannskap og ordførar. b) Nivå 2: Politiske nemnder c) Nivå 3: Kommunedelutval/Grendeutval
a	Kommunestyre, formannskap og ordførar <i>Erfaringar frå politikarane i Volda er at kommunestyret er eit levande organ, og at dette aktivitetsnivået også må halde fram etter samanslåinga. Det vart føreslått av leiar Jørgen Amdam at ein kan kombinere diskusjonen av dette nivået opp mot demokratiprojektet.</i>
b	Politiske nemnder <i>Det vart teken opp at det i dag er stadig blir meir krevjande å vere politikar i tillegg til å ha vanleg jobb, især i privat sektor. Synspunkt på at møtetidspunkt og hyppigheit på møteverksemd kan påverke rekrutteringa til politiske nemnder vart løfta fram. Ei utfordring med dette kan vere at politiske utval kan ha ein høg del offentleg tilsette og låg del tilsette i privat sektor.</i>
c	Kommunedelutval/Grendeutval <i>Store delar av møtet retta seg mot organisering av grendeutval opp mot kommunedelutval. Inntrykket var at grendeutval, basert på skulekrinsane, vil vere det beste alternativet som eit tredje nivå, då utan formell politisk makt men tett kommunikasjon til administrasjon og politiske organ. Det kan vere aktuelt med sekretærhjelp og gode rutinar for kontakt i alle saker som gjeld grenda. Ein tanke som då vart teken opp var at det kan vere lurt å ha færre, men større, utval enn i dag.</i> <i>Ein føremon for ei slik organisering er at dette er ønskjeleg blant folket, og at utvala fungerer som talerøyr – og dermed blir høyrde – når saker som vedkjem grendene skal opp til politisk handsaming.</i>

REFERAT

2	Opplegg til medverknad og høyring <i>I løpet av hausten ønskjer organisasjonsutvalet å ha ei felles høyring blant grendene/skulekrinsane i Hornindal og Volda for at dei skal bli involverte i prosessen og kome med innspel. Utvalet var positive til å redusere talet på grendeutval, slik at «kjøtvekta» for grendeutvala blir tyngre og talerøyrer sterkare, men dette måtte skje som frivillige prosessar.</i> <i>Det vart diskutert at det er ønskeleg med råd frå kommunikasjonsrådgjevar i denne prosessen for å nå ut til folk på best mogeleg måte og motivere til deltaking.</i>

Neste møte: blir bestemt ved eit seinare høve.